

## Folkerøysting i Hareid måndag

Komande måndag blir det gjennomført folkerøysting i Hareid for andre gong i år. Denne gongen er det samanslåing med Ulstein det skal røystast om. Ulstein arrangerer ikkje folkerøysting, men ei innbyggjarundersøking. Tidlegare har Hareid sagt nei til Runde kommune og Stor-Ålesund kommune.

## Har brukt 655.000 kr på kommunereforma

Den statlege kommunereforma, som enda med eit vedtak om at Ørsta skal halde fram som eigen kommune, medførte 655.000 kroner i utgifter for kommunen i 2015 og 2016. Kommunen har fått 500.000 kroner (300.000 i 2015 og 200.000 i 2016) i inntekter frå staten. Kommunen har dermed stått for 155.000 kr sjølv, viser eit oversyn frå rådgivar Gro Anita Bårdseth. Pengane har gått til innbyggjarundersøkingar, folkerøysting, møte og konferansar og brosjyrer/informasjon.



## Alle med ungdomsrett har fått tilbud

Etter andre gongs inntak til dei vidaregåande skulane har alle elevar med ungdomsrett i fylket fått tilbud om skuleplass. Det opplyser fylkeskommunen. Ungdomsrett er at ungdom som har gjennomgått grunnskulen eller tilsvarende opplæring har lovfesta rett til tre års vidaregåande opplæring.

# - Treng pelsdyrfarmane

- Noreg treng pelsdyrfarmane. Dei er med på å halde oppe totaløkonomien for gardsbruka. Det er det som er retninga for norsk landbruk.

● **Rune Sæbønes**  
rune@morenytt.no

Det seier leiar i Noregs Bondelag, Lars Petter Bartnes.

Tysdag vitja han og ein delegasjon frå Noregs Bondelag Norangdal. Styret og sekretariatet i bondelaget er på ein vestlandsturne for å bygge styrekultur og for å gjere seg endå meir kjende med ymse sider av norsk landbruk.

På Øye likte dei det dei såg, både naturen og kulturen, men også at der er nokre standhaftige pelsdyrhaldarar som held oppe landbruket i bygda.

Han og delegasjonen var på vitjing hos pelsdyrfarmen til Jetmund Øye. Han har teke over garden etter faren, Svein Arne Øye, som no kallar seg «spesialrådgjevar».

### Konflikt

Pelsdyroppdrettarane sette pris på vitjinga frå Noregs Bondelag, for det er ikkje til å underslå at det har vore konflikt mellom bondelaget og pelsdyrfarmarane. Denne skriv seg frå då bondelaget i jordbruksoppgjeret forhandla vekk transportstøtta pelsdyrhaldarane



På synfaring: Leiar Lars Petter Bartnes i Norges Bondelag vitja pelsdyrfarmarane Svein Arne Øye, Jetmund Øye og Jon Arne Nordang.

fekk til førtransport.

- Det er faktisk urettferdig at vi ikkje skal ha slik støtte, medan andre næringar framleis får slik støtte, seier Svein Arne Øye.

Delegasjonen frå bondelaget fekk høyre om ei nærings som er svært godt påpassa. Det er inspeksjonar frå Mattilsynet, veterinærar og frå pelsdyral-

slaget sjølv. Dei fleste inspeksjonane er umelde.

Bartnes tykte vel om pelsdyrfarmen til Jetmund Øye.

- Det slo meg kor rolege dyra var. Sjølv om farmen vart full av folk, heldt dei seg i ro, seier Bartnes.

Han understrekar at bondelaget står på pelsdyrfarmarane si side.

- Framtida i norsk landbruk ligg i å sikre gardsbruka ein totaløkonomi. Då er kombinasjonsbruka viktige, som her i Norangdal med pelsdyr og mjølkekyr. Styresmaktene ynskjer å satse på spesialisering til store einingar og besetningar, anten det er mjølkekyr, slaktegris eller store sauehald. Det meiner vi er ei feil retning

å gå, seier Bartnes.

Til hausten er det venta at landbruksminister Jon Georg Dale og regjeringa legg fram stortingsmeldinga om framtida til pelsdyrhaldet i Noreg.

- Då treng vi all mogleg støtte, oppmoda Svein Arne Øye.

- Det skal de frå. Det skal ikkje stå på oss, sa Bartnes.

**Utvalgte literis og multipack**  
**Medlemskupp**  
**-40%**

Ikkje medlem: Sjå hylleetikett

**coop prix**

**coop marked**

**coop mega**

**coop extra**

Medlemskuppet gjeld frå 15. til 20. august i Coop Vest Sa sine butikkar. Atterhald om trykkfeil og utselt